



## BORGARTING LAGMANNSRETT

### DOM

---

**Sagt:** 08.11.2018

**Saksnr.:** 17-105565ASD-BORG/02

**Dommarar:**

Lagdommar  
Lagdommar  
Ekstraordinær  
lagdommar

Halvard Leirvik  
Einar Kaspersen  
Jens-Sveinung Wegner

---

Ankande part

Staten v/Klagenemnda for  
industrielle rettar

Advokat Stein-Erik Jahr  
Dahl

Ankematpart

Nammo Schönebeck  
GmbH

Advokatfullmektig Lars  
Henrik Stoud Platou  
Advokat Frode André  
Moen  
Advokat Frode André  
Moen

Saka gjeld prøving av vedtak i Klagenemnda for industrielle rettar (Klagenemnda) om ikkje å godkjenna eit varemerke. Spørsmålet er om varemerket oppfyller vilkåra for registrering etter varemerkelova § 14. Sentralt i saka står om varemerket har "særpreg", jf. varemerkelova § 14 første ledd samanhalde med andre og tredje ledd.

Nammo Schönebeck GmbH (tidlegare Laupa GmbH) er eit tysk selskap som driv med produksjon av ammunisjon. Den 7. oktober 2009 oppnådde selskapet internasjonal varemerkeregistrering, jf. varemerkelova § 66 første ledd, av dette figurmerket:



Den internasjonale registreringa har IR nr. 1020329 og har prioritet frå 1. oktober 2009.

Den internasjonale registreringa er basert på ei EU-registrering med registreringsnummer 008596687. Registreringa skjedde hos Office for Harmonization in the Internal Market (OHIM). Frå mars 2016 blei verksemda til OHIM vidareført av European Union Intellectual Property Office (EUIPO).

At varemerket er registrert av OHIM/EUIPO, inneber at varemerket har oppnådd vern i alle statar som er medlem av EU, utan at det skjer noka individuell vurdering i kvar EU-stat. Dette systemet gjeld ikkje for statar som berre er ein del av EØS, slik som Noreg.

Ordninga med internasjonal registrering av varemerke, jf. varemerkelova § 66, blir administrert av World Intellectual Property Organization (WIPO). Etter nærare reglar kan den internasjonale registreringa få verknad i statar som har slutta seg til ordninga gjennom Madridprotokollen (Protokoll til Madridavtalen om internasjonale registrering av varemerke, vedtatt i Madrid 27. juni 1989). Noreg er ein av statane som har gjort dette. For at den internasjonale registreringa skal få verknad i ein konkret stat, må den som har varemerket – i dette tilfellet Nammo Schönebeck GmbH – peika ut staten der ein ynskjer vern. Denne staten kan så innan visse tidsfristar, fastsett i Madridprotokollen, nekta å gje vern dersom varemerket ikkje oppfyller dei nasjonale vilkåra for vern.

Nammo Schönebeck GmbH peikte ut Noreg som ein av statane der selskapet ynskte at registreringa skulle ha verknad.

I varemerkelova § 70 er det gjeve nærare reglar om behandlinga:

Når Patentstyret får melding fra Det internasjonale byrået med krav fra innehaveren om at en internasjonal varemerkeregistrering skal ha virkning i Norge, skal Patentstyret undersøke om registreringsvilkårene i §§ 14 til 16 er oppfylt.

Er registreringsvilkårene oppfylt, skal Patentstyret innføre den internasjonale varemerkeregistreringen i varemerkeregistret og kunngjøre at den har virkning i Norge.

Er registreringsvilkårene ikke oppfylt, skal Patentstyret helt eller delvis avslå å gi den internasjonale registreringen virkning i Norge. Avslag må meldes til Det internasjonale byrået innen 18 måneder etter at Patentstyret fikk melding som nevnt i første ledd.

Alle varemerke som blir registrert, blir registrert for bestemte varer eller tenester innanfor spesifikke vare- eller tenesteklassar, jf. varemerkelova § 18 og varemerkeforskrifta § 10. Klasseinndelinga følgjer eit internasjonalt system.

Den internasjonale registreringa, og såleis kravet om registreringsverknad i Noreg, gjaldt varer i klasse 13, med slik opplisting:

Firearms; ammunition and projectiles; explosives; fireworks; cartridges; revolver cartridges, pistol cartridges, hand gun cartridges, plastic cartridges and metal cartridges; hunting cartridges; hunting cartridge cases; percussion caps; detonator caps; lead shots for hunting; electric primers; gun plugs.

I vedtak 2. desember 2015 nekta Patentstyret å gje den internasjonale registreringa verknad i Noreg. Patentstyret uttalte at for varer som kan ha eit sikte, blant anna "firearms" (våpen), oppfylte ikkje figurmerket vilkåra i varemerkelova § 14 andre ledd bokstav a fordi det skildra ein eigenskap ved slike varer. Patentstyret meinte vidare at figurmerket generelt – knytt til alle varer i klassen – ikkje oppfylte vilkåret om særpreg i varemerkelova § 14 første ledd andre punktum. Patentstyret meinte endeleg at figurmerket heller ikkje hadde opparbeidd seg det nødvendige særpreget gjennom bruk, jf. varemerkelova § 14 tredje ledd andre punktum.

Nammo Schönebeck GmbH klaga på vedtaket til Klagenemnda, som i vedtak 27. juni 2016 forkasta klagen. I vedtaket til Klagenemnda heiter det blant anna:

- 9 I vurderingen av om figurmerket skal kunne gis virkning som et varemerke i Norge, må de alminnelige registreringsvilkårene etter varemerkeloven § 14 være oppfylt, jf. varemerkeloven § 70. I henhold til varemerkeloven § 14 annet ledd bokstav a, kan et varemerke ikke registreres dersom det utelukkende eller bare med uvesentlige endringer eller tillegg består av en angivelse som angir egenskaper ved varene. I tillegg må merket oppfylle kravet til særpreg, jf. vilkåret i varemerkeloven § 14 første ledd.

- 10 Høyesterett har uttalt i Rt-2002-391 GOD MORGON at ved tolkningen av varemerkeloven § 14 første og annet ledd skal det legges vekt på varemerkedirektivets (2008/95/EF) ordlyd og formål, og på praksis fra EU-organene knyttet til direktivet, og til de tilsvarende bestemmelsene i varemerkeforordningen ((EF) nr. 207/2009).
- 11 Det følger av fortalen til varemerkedirektivet punkt 11, at formålet med den rettsbeskyttelse som oppnås ved registrering av varemerker, blant annet er å sikre varemerkets funksjon som en angivelse av varenes kommersielle opprinnelse. EU-domstolen har lagt særlig vekt på at varemerker skal være garantier for de merkede varers kommersielle opprinnelse overfor forbrukerne (garantifunksjonen), slik at forbrukerne, uten fare for forveksling, kan oppfatte forskjeller mellom varer fra forskjellige næringsdrivende, jf. EU-domstolens avgjørelser i sakene C-39/97 Canon og C-299/99 Philips/Remington.
- 12 Spørsmålet om et varemerke mangler særpreg eller er beskrivende, skal vurderes i relasjon til de varer eller tjenester merket er søkt registrert for, jf. EU-domstolens avgjørelse i sak C-273/05 P, CELLTECH, og i betraktning av hvordan gjennomsnittsforbrukeren av disse varer eller tjenester vil oppfatte merket.
- 13 Gjennomsnittsforbrukeren skal anses å være alminnelig opplyst, rimelig oppmerksom og velinformert, jf. sak C-210/96 Gut Springenheide. Gjennomsnittsforbrukeren for de aktuelle varene i klasse 13 er skyttere eller jegere som er en spesialisert omsetningskrets med et normalt til høyt oppmerksomhetsnivå.
- 14 Klager har anført at kravet til særpreg må settes lavt for rene figurmerker og viser til lagmannsrettens dom i LB-2014-95107. Klagenemnda er ikke uenig i dette, men viser til at et varemerke må oppfylle hovedfunksjonen som er å være garantist for en kommersiell opprinnelse. I tillegg må figurmerkets utforming være slik at omsetningskretsen er i stand til å skille én tilbyders varer fra en annens, jf. blant annet C-329/02 P, SAT2, avsnitt 41 og T-53/13, Vans, avsnitt 66.
- 15 Spørsmålet i nærværende sak blir følgelig om det aktuelle merket vil oppfattes av den aktuelle omsetningskretsen som en angivelse av kommersiell opprinnelse, eller om merket utelukkende vil oppfattes som en gjengivelse av et trådkors/sikte. Etter Klagenemndas syn har det betydning om figuren avviker fra den ordinære gjengivelsen av et sikte eller et trådkors.
- [...]
- 19 Etter Klagenemndas syn er figuren i det aktuelle merket svært enkel og uten iøynefallende elementer. Merket fremstår som en ordinær gjengivelse av et sikte/trådkors og fraviker ikke nevneverdig fra andre gjengivelser.
- 20 Merket er søkt virkning for våpen, ammunisjon og våpenrelaterte varer i klasse 13. Dette er varer med en nær tilknytning til sikter og siktemidler. Når merket benyttes for de aktuelle varene finner Klagenemnda at omsetningskretsen

utelukkende vil oppfatte merket som dekor, i form av et bilde av et trådkors/sikte, og ikke som utpeking av kommersiell opprinnelse. Det foreligger også et friholdelsesbehov for figuren i merket, i det andre tilbydere av samme og lignende varer vil ha interesse i å bruke en gjengivelse av sikte/trådkors i sin markedsføring.

- 21 Etter dette finner Klagenemnda at omsetningskretsen ikke vil oppfatte merket som et kjennetegn da det ikke har adskillende evne for de aktuelle varene. Merket mangler særpreg og kan ikke gis virkning i Norge jf. varemerkeloven § 14 første ledd annet punktum, jf. § 70.
- 22 I relasjon til varen «firearms» finner Klagenemnda at merket direkte og umiddelbart vil bli oppfattet som en opplysning om at varen leveres med en sikteinnretning, eller at våpenet er tilpasset montering av sikteinnretning. Merket vil derfor oppfattes som en opplysning om varens tilbehør, beskaffenhet eller egenskaper og må anses som beskrivende. For varen «firearms» nektes merket følgelig virkning også på bakgrunn av varemerkeloven § 14 annet ledd bokstav a, jf. § 70.

[...]

- 28 At myndigheter i andre jurisdiksjoner er kommet til motsatt resultat endrer ikke Klagenemnda sin vurdering. Klagenemnda viser til at det ikke kan anses som et uttrykk for manglende rettsenhet at resultatet i enkeltsaker varierer i forskjellige jurisdiksjoner. Klagenemnda viser til Rt-2002-391 GOD MORGON, hvor førstvoterende sluttet seg til en uttalelse fra Patentstyrets Annen avdeling i sak 6922 NO MORE TANGLES, om at det «ikke uten videre anses som et mål å oppnå like resultater i enkeltsaker», og at det ikke er «noe påfallende i at den skjønnsmessige avgjørelse av registreringsvilkårene kan falle ulikt ut i de forskjellige land». Tilsvarende syn fremkommer i EU-domstolens avgjørelse i sak C-218/01, Henkel, også bekreftet i EU-rettens avgjørelse T-610/13 GREASECUTTER. Etter dette anser Klagenemnda rettsstilstanden for å være slik at selv om det rettslige og faktiske grunnlaget for registreringsavgjørelsene i det alt vesentlige skulle være lik, kan avgjørelsene fra andre jurisdiksjoner ikke tillegges avgjørende betydning.

Ved stemning datert 24. august 2016 tok Nammo Schönebeck GmbH ut søksmål mot staten v/Klagenemnda med krav om oppheving av vedtaket til Klagenemnda når det gjaldt varene "ammunition and projectiles" og "cartridges" i vareklasse 13. Søksmålet omfatta såleis ikkje dei andre varene i klasse 13 som er inkludert i den internasjonale varemerkeregistreringa, blant anna vara "firearms" (våpen). Dei varene som er omfatta av søksmålet, blir seinare i dommen omtalt som ammunisjon og patronar.

Oslo tingrett sa 11. april 2017 dom med slik domsslutning:

1. Klagenemnda for industrielle rettigheter sin avgjørelse i sak VM 16/021 av 17. juni 2016 oppheves når det gjelder den del som nekter å gi internasjonal

varemerkeregistrering nr. 1020329 virkning i Norge for «ammunition and projectiles» og «cartridges» i klasse 13.

2. I sakskostnader betaler Staten ved Klagenemnda for industrielle rettigheter 231750 -tohundreogtrettientusensjuhundreogfemti- kroner til Nammo Schönebeck GmbH.

Staten v/Klagenemnda har i rett tid anka tingrettens dom til Borgarting lagmannsrett. Anken gjeld bevisvurderinga og rettsbruken. Ankeforhandling blei halde 23. og 24. oktober 2018 i Borgarting lagmannsretts hus. Det blei ført eitt vitne. Nærare detaljar om bevisføringa går fram av rettsboka.

Den ankande parten, **staten v/ Klagenemnda**, har i korte trekk argumentert med:

Bevisvurderinga til tingretten er feil når det gjeld kva inntrykk figurmerket gjev. Det er mest naturleg å oppfatta figurmerket som ei rein attgjeving av eit sikte/trådkors. Det er i saka lagt fram ei rekkje andre døme på liknande siktesymbol som skil seg lite frå det aktuelle figurmerket. Desse døma er funne ved søk på internett.

Figurmerket skildrar bruksføremål og eigenskapar ved ammunisjon og patronar. Sidan figurmerket er skildrande for dei aktuelle varene, kan det ikkje bli registrert som varemerke, jf. varemerkelova § 14 andre ledd bokstav a. Praksis frå EU-domstolen, EU-retten, EUIPO og Klagenemnda gjev støtte for at det her er tale om eit skildrande figurmerke. Det er eit behov for at siktesymbol av denne typen ikkje kan brukast som varemerke for ein bestemt aktør, men at dei skal vera moglege å nytta på lik line for alle aktørane.

Figurmerket manglar uansett særpreg for dei aktuelle varene i klasse 13, jf. varemerkelova § 14 første ledd. Figurmerket spelar på bruk av skytevåpen og det å vera treffsikker. Figurmerket vil bli oppfatta slik, og ikkje som eit varemerke som kjenneteiknar produsenten. Figurmerket er ikkje eigna til å skilja varene til ein aktør frå varene til alle dei andre aktørane. Gjennomsnittsbukaren i den relevante omsetnadskretsen vil ikkje knyta figurmerket til eit bestemt kommersielt opphav. Den relevante omsetnadskretsen er her skyttarar og personar som driv med jakt. Kretsen er langt større enn dei som driv med skiskyting eller innandørs sportsskyting. Kravet til særpreg skal bli vurdert opp mot kjøparar av alle ulike typar ammunisjon og patronar, ikkje berre dei som kjøper kaliber 22.

Ved vurderinga av kravet til særpreg skal retten byggja på den norma som følgjer av nyare praksis i EU-retten. Varemerkelova skal tolkast i samsvar med EU-retten, jf. Rt-2016-2239 avsnitt 31. Nyare praksis i EU-retten er strengare enn kva som har blitt lagt til grunn av norske domstolar. Tingretten har tatt feil av det rettslege innhaldet i kravet.

Det er ikkje avgjerande at figurmerket er registrert i andre statar. Det er dei generelle normene som norske styresmakter plikter å følgja, ikkje utfallet av konkrete enkeltsaker, jf. Rt-2002-391.

Det er ikkje dokumentert at figurmerket blei brukt i Noreg før prioritetsdatoen i ei slik utstrekning at registreringsvilkåra er oppfylt etter varemerkelova § 14 tredje ledd, såkalla "tilslite" særpreg. Bruk etter 1. oktober 2009 er irrelevant. Funksjonen som kjenneteikn må bli vurdert opp mot i alle fall ein vesentleg del av omsetnadskrinsen. Dette er ei langt større gruppe enn dei som driv med skiskyting. Gjennomsnittsbrukaren vil ikkje oppfatta merket på undersida av kvar patronhylse som eit varemerke. Gjennomsnittsbrukaren har i liten grad fokus på ein slik detalj ved patronen. Fokuset er primært på sjølv skytevåpenet. Det er for lagmannsretten ikkje ført bevis for korleis omsetnadskretsen har oppfatta figurmerket. Vitneforklaringa til representanten for Nammo Schönebeck GmbH har ikkje bevisverdi opp mot det relevante vurderingstemaet etter varemerkelova § 14 tredje ledd.

Det er lagt ned slik påstand:

1. Staten v/Klagenemnda for industrielle rettigheter frifinnes.
2. Staten v/Klagenemnda for industrielle rettigheter tilkjennes sakskostnader for tingretten og lagmannsretten.

Ankemotparten, **Nammo Schönebeck GmbH**, har i korte trekk argumentert med:

Det er ingen grunn til at domstolen skal vera atterhalden med å prøva vurderinga til Klagenemnda i saker om varemerke, jf. HR-2016-1993-A og HR-2016-2239-A.

Vilkåra for registrering etter varemerkelova § 14 er oppfylt fordi figurmerket har eit ibuande særpreg. Figurmerket har særeigne, designmessige innslag. Figurmerket er ikkje skildrande for eigenskapane til ammunisjon og patronar. Det er i høgda suggestivt, noko varemerkelova ikkje er til hinder for. For å oppfylla kravet om særpreg er det ikkje noko vilkår at merket er uttrykk for artistisk eller språkleg originalitet. Det følgjer av rettspraksis at kravet til særpreg er sett ganske lågt for reine figurmerke. Det er gode grunnar for dette. Når det gjeld figurmerke, er det stort sett høve til å laga ei rekkje variasjonar, slik at behova til alle aktørane blir oppfylt.

Figurmerket har så langt blitt godkjent i 59 jurisdiksjonar, inkludert heile EU. Dersom ein tel med kvar einskild EU-stat, er det tale om til saman 86 statar som har gjeve godkjenning. Det er berre to statar som har nekta å godekjenna merket: Singapore og Noreg. Det er ingen grunn til at vurderinga skal falla annleis ut i Noreg enn i EU. Når det gjeld Singapore, har Nammo Schönebeck GmbH valt ikkje å bruka ressursar på å klaga over avslaget sidan selskapet ikkje driv verksemd i Singapore.

Ammunisjon og patronar er varer med ein snever og spesialisert omsetnadskrets. Kretsen for kjøparar er endå meir spesialisert enn den gruppa som bruker ammunisjon. For å kjøpa ammunisjon, fastset våpenlova at ein må ha løyve frå politiet. Kjøparane vil ha eit trenn auge, og vil difor oppfatta figurmerket som eit varemerke. Det er svært viktig at rett ammunisjon blir brukt til rett type våpen. Kundekretsen vil difor ha særleg fokus på korleis varene er merka. Dette inneber at kravet til særpreg må setjast lågare enn for andre varer.

Subsidiært blir det gjort gjeldande at figurmerket har blitt brukt så lenge i den norske marknaden, og på ein så omfattande måte, at det har oppnådd såkalla "tilslite" særpreg, jf. varemerkelova § 14 tredje ledd. I ein situasjon der figurmerket blir vurdert til nesten å ha ibuande særpreg, skal det mindre til for at faktisk bruk inneber "tilslite" særpreg.

Det er lagt ned slik påstand:

1. Anken forkastes.
2. Nammo Scönebeck GmbH tilkjennes sakskostnader.

### **Lagmannsretten sine merknader:**

#### Lagmannsretten sitt resultat:

Lagmannsretten har kome til det same resultatet som tingretten. Lagmannsretten meiner under noko tvil at figurmerket har tilstrekkeleg særpreg til at det oppfyller vilkåra i varemerkelova § 14 første og andre ledd. Anken blir difor forkasta.

#### Utgangspunkt for vurderinga:

Spørsmålet i saka er om figurmerket oppfyller vilkåra for registrering i varemerkelova § 14 første, andre og tredje ledd, som har slik ordlyd:

Et varemerke som skal registreres må bestå av et tegn som kan beskyttes etter § 2 og som kan gjengis grafisk. Det må ha særpreg som kjennetegn for slike varer eller tjenester som det gjelder.

Et varemerke kan ikke registreres hvis det utelukkende, eller bare med uvesentlige endringer eller tillegg, består av tegn eller angivelser som:

- a) angir varens eller tjenestens art, beskaffenhet, mengde, formål, verdi eller geografiske opprinnelse, tiden for fremstillingen av varen eller prestasjonen av tjenesten, eller andre egenskaper ved varen eller tjenesten, eller



- b) i alminnelig språkbruk eller etter lojal og etablert forretningsskikk utgjør sedvanlige betegnelser for varen eller tjenesten.

Vilkårene i første og annet ledd må være oppfylt både på søknadsdagen og registreringsdagen. Ved vurderingen etter første ledd annet punktum og annet ledd skal det tas hensyn til alle omstendigheter som forelå på søknadsdagen, og særlig til virkninger av bruk av varemerket før dette tidspunktet.

Vedtaket til Klagenemnda er eit lovbunde forvaltningsvedtak. Vedtaket kan prøvast fullt ut av domstolane. I HR-2016-2239-A (Route 66) avsnitt 30, er det uttalt – med referanse til tidlegare avgjerder frå Høgsterett – at det til vanleg ikkje er nokon grunn for domstolane til å vera atterhaldne ved prøvinga, i motsetnad til kva som kan vera tilfellet ved vedtak i patentsaker. Lagmannsretten meiner at det heller ikkje er spesielle omstende i denne saka som tilseier atterhald ved prøvinga.

Eit sentralt tilhøve ved varemerkeretten er at den er omfatta av EØS-avtalen. Dette inneber at andre rettskjelder enn norsk internrett står sentralt. Det heiter om dette i HR-2016-2239-A (Route 66) avsnitt 31:

Varemerkeretten er omfattet av EØS-avtalen. Betydningen av dette er utfyllende beskrevet i Høyesteretts dom 22. september 2016 (HR-2016-1993-A) avsnitt 42 til 46. Jeg fremhever her særlig at varemerkeloven § 14 er utformet i samsvar med EUs tidligere og någjeldende varemerkedirektiv, og at loven dermed skal forstås i samsvar med EU-domstolens praksis knyttet til disse direktivene. Det innebærer at avgjørelser fra denne domstolen blir den sentrale rettskilden ved tolkning av varemerkeloven. Også domstolens avgjørelser i tilknytning til varemerkeforordningen må tillegges vekt. Forordningen er ikke en del av EØS-avtalen, men har materielle bestemmelser tilsvarende varemerkedirektivet. Videre vil praksis fra EUPIO, tidligere OHIM, være en relevant rettskilde.

Det aktuelle figurmerket som lagmannsretten skal ta stilling til, er godkjent av OHIM med verknad for EU-statane. Sidan praksis hos OHIM/EUIPIO er ei relevant rettskilde – og varemerkelova skal tolkast og nyttast på ein måte som tar vare på omsynet til rettsfellesskap under EØS-avtalen – blir det spørsmål i kva grad OHIM-godkjenninga i seg sjølv er eit argument for at vedtaket til Klagenemnda må reknast som ugyldig. Ein tilsvarende situasjon blei vurdert i HR-2016-2239-A. Sakstilhøvet var i korte trekk at den private parten hadde fått registrert "Route 66" som varemerke hos OHIM for varer og tenester knytt til reiseliv. Høgsterett kom like fullt til at merket ikkje oppfylte vilkåra i varemerkelova § 14 fordi det skildra eigenskapar ved vara/tenesta. Problemstillinga er omtalt på denne måten i HR-2016-2239-A avsnitt 51 og 52:

Som nevnt er «Route 66» registrert som EU-varemerke uten begrensninger ved OHIMs vedtak 9. juli 2008. I HR-2016-1993-A avsnitt 45, er det ved henvisning til Rt-2006-1473 (livbøye) lagt til grunn at varemerkelovens bestemmelser må tolkes «i lys av den forståelse» som kommer til uttrykk i praksis fra OHIM, nå EUIPO.

Jeg kan likevel ikke se at OHIMs vedtak i denne saken kan tillegges vesentlig vekt ved bedømmelsen av det norske vedtaket. OHIMs vedtak er en konkret begrunnet forvaltningsavgjørelse i en enkeltsak. Vedtaket kan ikke sees som uttrykk for en etablert praksis. Det er understreket i EU-domstolens dom i sak C-218/01 Henkel avsnitt 62 at én forvaltningsmyndighets avgjørelse ikke vil være bindende for andre stater. Det skal foretas en konkret vurdering basert på forholdene i den enkelte sak og det enkelte land. Som fremhevet vil det være den norske gjennomsnittsforsbrukerens kunnskap om «Route 66» som er avgjørelsen for bedømmelsen i Norge.

Lagmannsretten legg disse synspunkta til grunn ved vurderinga av figurmerket til Nammo Schönebeck GmbH. At avgjerda til OHIM ikkje har "vesentlig vekt", er likevel ikkje det same som at avgjerda er irrelevant. Lagmannsretten meiner at det for dette figurmerket – som skal bli vurdert for varene ammunisjon og patronar – ikkje er haldepunkt for at den norske omsetnadskretsen skil seg nemneverdig frå omsetnadskretsen for dei same varene i andre europeiske land. Lagmannsretten meiner at dette tilseier at dei vurderingane som ligg bak den konkrete avgjerda til OHIM har større vekt enn kva som elles ville ha vore tilfellet. Lagmannsretten meiner også at det er eit poeng at figurmerket, i tillegg til å vera godkjent av OHIM, i dag er registrert i ei lang rekkje statar utanom EU. For ein del av desse statane, som til dømes Sveits og Island, er det vanskeleg å sjå for seg vesentlege skilnader knytt til vurderinga av omsetnadskretsen. Samla sett meiner lagmannsretten at det er eit moment at vedtaket til OHIM og vedtaka i ulike statar som er samanliknbare med Noreg, byggjer på ei reell, rettsleg vurdering av at figurmerket oppfyller vilkåra for å bli registrert. At det er tale om fleire, samanfallande vurderingar tilseier at situasjonen er noko annleis enn den situasjonen som er omtalt HR-2016-2239-A.

Før dei ulike vilkåra i varemerkelova § 14 kan bli vurdert, må det bli fastlagt kva som er den relevante omsetnadskretsen i Noreg. I tingrettens dom heiter det om dette:

Retten legger til grunn at omsetningskretsen for ammunisjon er spesielt kyndige.

Etter våpenloven § 13 er fastslått at «Den som vil kjøpe eller på annen måte erverve ammunisjon, må ha tillatelse fra politiet». Det utstedes et våpenkort hvis søkeren oppfyller krav til pålitelighet og skikkethet, dokumentasjon for gjennomført opplæring og behov for et våpen gjennom for eksempel jegerlisens eller medlemskap i skytterlag. Retten legger til grunn at den relevante omsetningskretsen utelukkende er de som lovlig kan erverve varen. På våpenkortet er det anført hva slags våpen det, og innehaveren av et slikt våpenkort kan erverve ammunisjon til det våpenet.

Den teoretiske omsetningskretsen for det varemerket består dermed av alle som lovlig kan erverve ammunisjon i Norge og ikke utelukkende de som driver med konkurranseskyting og skiskyting med kaliber 22. Omsetningskretsen vil dermed omfatte et meget stort antall jegere som neppe har drevet med konkurranseskyting med kaliber 22.

Lagmannsretten sluttar seg til tingrettens vurdering av omsetnadskretsen. Sidan omsetnadskretsen omfattar alle som kjøper ammunisjon, er det tale om ei ganske stor gruppe av personar. Staten v/Klagenemnda har for lagmannsretten vist til at 493 228 personar (ifølge Statistisk Sentralbyrå) var oppført i Jegerregisteret i 2016-2017. Lagmannsretten peiker på at det ikkje har blitt ført bevis som kastar lys over kor vidt alle desse personane også kjøper ammunisjon. Lagmannsretten meiner at den gruppa som kjøper ammunisjon, truleg er noko mindre. Nammo Schönebeck GmbH har i sin omtale av kjøparane i Noreg særleg peikt på aktive utøvarar av skiskyting. Slik lagmannsretten ser det, er dette ein kundekrets som er klart meir snever enn den relevante omsetnadskretsen. Det er opplyst for lagmannsretten at det er om lag 10 000 medlemmer av Norges Skiskytterforbund. Lagmannsretten legg til grunn at talet på aktive skiskyttrar som faktisk kjøper ammunisjon, truleg er endå lågare. Samanhalde med det totale talet på personar som kjøper ammunisjon i Noreg, utgjer skiskyttrarane ein liten del.

Basert på bevisføringa for lagmannsretten er det uklart akkurat kor mange personar som utgjer den relevante omsetnadskretsen. Lagmannsretten meiner at det mest truleg er tale om nokre hundre tusen personar, og der ei stor gruppe kjøper ammunisjon knytt til jakt/friluftsliv. Sjølv om det har vore lite bevisføring om temaet, legg lagmannsretten til grunn at det i omsetnadskretsen også er ei relativt stor gruppe som driv med sportsskyting utandørs og/eller innandørs, men dette er nok til dels personar som også driv med jakt.

Slik lagmannsretten ser det, er det sentrale at personane i den relevante omsetnadskretsen uansett må reknast som "spesielt kyndige", slik tingretten har uttrykt det. I dette ligg at det er tale om ein omsetnadskrets som er meir observant og i større grad reflekterer over bruk av ulike merke enn det som er tilfellet for gjennomsnittskjøparen av til dømes daglegvarer.

#### Varemerkelova § 14 andre ledd bokstav b – merke som skildrar eigenskapar ved vara

Lagmannsretten går etter dette over til den konkrete vurderinga av figurmerket opp mot dei ulike vilkåra i varemerkelova § 14.

Staten v/Klagenemnda har for det første argumentert med at figurmerket av omsetnadskretsen blir oppfatta som eit sikte/trådkors og at det skildrar ein eigenskap ved vara, noko som er til hinder for registrering etter varemerkelova § 14 andre ledd bokstav a. Etter denne regelen kan eit varemerke ikkje bli registrert dersom det "utelukkende, eller bare med uvesentlige endringer eller tillegg [...] angir [...] egenskaper ved varen eller tjenesten".

Lagmannsretten peiker på at det i vedtaket til Klagenemnda ikkje er bygd på eit slikt synspunkt. Klagenemnda nekta registrering fordi den meinte at omsetnadskretsen ikkje ville oppfatta merket som eit kjenneteikn. Klagenemnda meinte at merket ikkje hadde "adskillende evne for de aktuelle varene" – det mangla særpreg. Utan at det var naudsynt

for resultatet, uttalte Klagenemnda *i tillegg* at merket i relasjon til den spesifikke vara "firearms", det vil seia våpen, var av skildrande karakter. For *denne* vara ville omsetnadskretsen oppfatta merket som ei opplysning om at vara blei selt med "en sikteinretning, eller at våpenet er tilpasset montering av sikteinretning". Klagenemnda uttalte derimot ikkje at merket var av skildrande karakter når det gjaldt andre varer, slik som ammunisjon og patronar, som er tema for lagmannsretten. Staten v/Klagenemnda hevdar såleis for lagmannsretten at vedtaket til Klagenemnda er gyldig også basert på ei anna rettsleg grunngeving enn den som går fram av sjølve vedtaket.

Ei reint språkleg tolking av varemerkelova § 14 andre ledd bokstav a tilseier etter lagmannsrettens syn ikkje at det er grunnlag for å nekta registrering. Lagmannsretten meiner at det er lite naturleg å seia at figurmerket "angir" ein eigenskap ved ammunisjonen eller patronane. I motsetnad til våpen er ammunisjon og patronar varer som ikkje kan ha noko sikte. Lagmannsretten meiner at det er meir naturleg å seia at figurmerket spelar på ein eigenskap ved vara – nemleg det å vera treffsikker. At figurmerket spelar på ein eigenskap – gjev assosiasjonar i den retninga – er noko anna enn at merket "angir" den same eigenskapen. Uttrykket "angi" er det mest naturleg å oppfatta som at det blir gjeve ei konkret saksopplysning, ein spesifikasjon.

Av forarbeida til varemerkelova § 14 andre ledd bokstav a går det fram at regelen blei vedtatt som ei gjennomføring av varemerkedirektivet artikkel 3 nr. 1 bokstav c. Om det nærare innhaldet i regelen heiter det i Ot.prp. nr. 98 (2008-2009) side 50:

Spørsmålet om merket er beskrivende, beror på en helhetsvurdering på tilsvarende måte som spørsmålet om særpreg, jf. sak C 273/05 P *Celtech* 19. april 2007. Det er tilstrekkelig at én av varemerkets mulige betydninger beskriver en egenskap ved varene eller tjenestene det gjelder, for at forbudet i bokstav a skal få anvendelse, jf. EF-domstolens avgjørelse 23. oktober 2003 i sak C 191/01 *Doublemint*.

Av praksis i EU-domstolen, jf. C-363/99 (Postkantoor), går det fram at eit sentralt omsyn er om det er behov for at den skildringa som det er tale om, skal vera disponibel også for andre produsentar av den same vara, i deira marknadsføring. På norsk blir dette gjerne omtalt som det såkalla "friholdelsesbehovet". Ved denne vurderinga meiner lagmannsretten at det står sentralt at figurmerket til Nammo Schönebeck GmbH er ei *forenkla* – stilisert – attgjeving av eit sikte/trådkors.

Som nemnt innleiingsvis, rettar anken til staten v/Klagenemnda seg både mot bevisvurderinga og rettsbruken til tingretten. Anken over bevisvurderinga gjeld korleis figurmerket blir oppfatta av den relevante omsetnadskretsen. I bevisvurderinga til tingretten på dette punktet blei det tatt utgangspunkt i omtalen av merket i vedtaket til Klagenemnda avsnitt 17:

Merket består av fire avrundede streker plassert i en sirkel. Mellom disse avrundede strekene er det et mellomrom og en vannrett eller en loddrett strek. De vannrette og loddrette strekene strekker seg innover mot sirkelens sentrum og går noe utover sirkelens ytterkant. Strekene er sorte og merket er uten farge for øvrig.

På same måte som tingretten, meiner lagmannsretten at figurmerket skil seg frå den mest nærliggjande måten å gjengje eit sikte/trådkors. Lagmannsretten er einig med tingretten i at sirkelen ved ei rein atgjeving ville vera samanhengande rund og at sjølv trådkorset ville vera plassert innanfor sirkelen. Lagmannsretten meiner at figurmerket har ei utforming som inneber ei klar forenkling av uttrykket.

Lagmannsretten meiner at det er på det reine at figurmerket har klare likskapstrekk med eit sikte/trådkors, og at den relevante omsetnadskretsen vil oppfatta desse likskapstrekk. Samstundes meiner lagmannsretten at omsetnadskretsen mest truleg også vil oppfatta dei omtalte *skilnadene*. Omsetnadskretsen vil ikkje oppfatta figurmerket *som eit* sikte/trådkors, men som eit merke som spelar på likskap med eit sikte/trådkors.

Lagmannsretten meiner at sjølv om figurmerket blir godkjent som varemerke, så vil det vera att eit spelerom for andre produsentar av ammunisjon og patronar til å spela på ulike symbol – anten blinkar eller sikte – for å få fram at produktet kan gjera kjøparen meir treffsikker. Lagmannsretten meiner at omsynet til å unngå fare for forveksling ikkje gjer seg gjeldande med særleg tyngde så lenge det er tale om ammunisjon og patronar. Dette hadde stilt seg annleis dersom det hadde vore tale om å registrera figurmerket for varetypen "våpen". Lagmannsretten er her einig i vurderingane i sjølv vedtaket til Klagenemnda.

Staten v/Klagenemnda har for lagmannsretten trekt fram ulike døme på figurmerke som tidlegare har blitt nekta godkjent fordi dei skildrar eigenskapar ved vara. Lagmannsretten meiner at desse døma skil seg frå situasjonen for figurmerket til Nammo Schönebeck GmbH. I fleire av sakene er det tale om figurmerke som det er naturleg å oppfatta som ei rein atgjeving – tilnærma fotografisk – av eit fysisk objekt: General Court (EU) T-335/15 (figur som viser mannsperson som driv med bodybuilding), EUIPO R 1187/2014-5 (figur som viser ein ordinær kulegrill) og EUIPO R 1957/2014-4 (figur som viser ordinære høyretelefonar).

Staten v/Klagenemnda har også vist til fire tidlegare avgjerder i Klagenemnda der figurmerke har blitt nekta registrering fordi Klagenemnda har meint at dei skildrar eigenskapar ved vara. Lagmannsretten finn ikkje grunn til å omtala kvar einskild av desse sakene. Det er tale om konkrete vurderingar av figurmerke knytt til heilt andre typar produkt. Lagmannsretten kan ikkje sjå at avgjerdene inneheld vurderingar som gjev rettleiing for tolking og bruk av regelverket utover det som følgjer av lovforarbeida og praksis frå EU-domstolen og EUIPO.

Ut frå ei heilskapleg vurdering har lagmannsretten kome til at figurmerket ikkje skildrar eigenskapar ved ammunisjon eller patronar på ein måte som er til hinder for registrering i medhald av varemerkelova § 14 andre ledd bokstav a.

#### Varemerkelova § 14 første ledd andre punktum - krav om "særpreg"

Etter varemerkelova § 14 første ledd andre punktum må merket "ha særpreg som kjennetegn for slike varer eller tjenester som det gjelder".

Kravet om særpreg avspeglar det grunnleggjande vilkåret om at eit varemerke må vera "egnet til å skille en virksomhets varer eller tjenester fra andres", jf. varemerkelova § 2 første ledd. Spørsmålet er om den relevante omsetnadskretsen vil oppfatta figurmerket som eit kjenneteikn for produsenten. Skal denne funksjonen bli oppfylt, må merket ut frå ei heilskapleg vurdering vera eigna til å skilja dei konkrete varene/tenestene til denne aktøren frå liknande varer/tenester frå andre aktørar.

Som nemnt ovanfor, har staten v/Klagenemnda anka både over bevisvurderinga og rettsbruken til tingretten. Etter lagmannsretten syn vil bevisvurderinga og rettsbruken knytt til vilkåret "særpreg" skli over i ein annan, slik at det kan verka kunstig å drøfta dei to omstenda heilt uavhengig av kvarandre – sjølv om det prinsipielt sett er tale om to ulike vurderingstema.

Lagmannsretten sluttar seg til bevisvurderinga til tingretten når det gjeld omtalen av korleis den aktuelle omsetnadskretsen mest truleg vil oppfatta figurmerket. Lagmannsretten viser til drøftinga ovanfor knytt til varemerkelova § 14 andre ledd bokstav a. Lagmannsretten meiner at omsetnadskretsen mest truleg ikkje vil oppfatta merket som ei rein attgjeving av eit sikte/trådkors, men at omsetnadskretsen vil få med seg at merket inneheld detaljar som skil seg frå korleis eit sikte/trådkors normalt er utforma. Dette fordi kjøparane har røynsle med det synsinntrykket som møter ein person som ser gjennom eit sikte på eit skytevåpen, og kjøparane vil oppfatta at det her ligg føre ein skilnad – om enn ikkje så stor. På same måte som tingretten meiner lagmannsretten at den relevante omsetnadskretsen vil *assosiera* figurmerket med eit sikte/trådkors. Det er ein nyanse mellom dette og kva staten v/Klagenemnda hevdar – at omsetnadskretsen vil oppfatta figurmerket som eit ordinært sikte/trådkors.

Den neste problemstillinga i saka er om det – basert lagmannsrettens bevisvurdering ovanfor – ligg føre eit tilstrekkeleg særpreg ut frå rett tolking og bruk av varemerkelova § 14 første ledd, samanhalde med andre ledd. Staten v/Klagenemnda hevdar at innhaldet i vilkåret "særpreg" er strengare enn kva tingretten har bygd på. Det blir argumentert med at norske domstolar dei seinare åra generelt har stilt for låge krav samanlikna med kva som følgjer av nyare praksis frå EU-retten.

Når det gjeld det rettslege innhaldet i kravet om "særpreg", oppfattar lagmannsretten at det sentrale rettslege vilkåret er at eit merke, for å ha tilstrekkeleg særpreg, straks må bli oppfatta av den relevante omsetnadskretsen som ein indikasjon på det kommersielle opphavet – det vil seia kven som står bak vara/tenesta. At det rettslege vilkåret er slik, går fram av avgjerd treft av EU-domstolen i T-388/09 avsnitt 22, der det heiter:

A sign which fulfils functions other than that of a trade mark in the traditional sense of the term is only distinctive for the purposes of Article 7(1)(b) of Regulation No 207/2009, however, if it may be perceived immediately as an indication of the commercial origin of the goods or services in question, so as to enable the relevant public to distinguish, without any possibility of confusion, the goods or services of the owner of the mark from those of a different commercial origin [...]

I prosedyren for lagmannsretten viste staten v/Klagenemnda til Borgarting lagmannsretts dom 1. januar 2015 (LB-2014-95107) (Tretorn) som eit døme på ei avgjerd der norske domstolar har bygd på eit for lågt krav til særpreg. I den aktuelle dommen heiter det at "kravet til distinktivitet settes relativt lavt". Lagmannsretten meiner at ei slik utsegn – heilt lausriven frå omtalen av det konkrete faktumet i saka – er lite eigna til å kasta lys over den rettslege terskelen. Saka gjaldt eit figurativt merke, som såg slik ut:



Som illustrasjonen viser, var det ikkje slik at merket gav assosiasjonar i retning av eit konkret objekt. Etter lagmannsrettens syn gjev dommen difor mindre rettleiing for det rettslege innhaldet i kravet til "særpreg" når det gjeld eit figurmerke av typen til Nammo Schönebeck GmbH, der det sentrale er at figurmerket spelar på likskap med eit konkret objekt, som det – i alle fall eit stykke på veg – kan vera behov for at alle aktørar i marknaden skal ha høve til å bruka i eiga marknadsføring.

Lagmannsretten meiner at ei anna avgjerd, som er omtalt i Patentstyrets vedtak 2. desember 2015 andsynes Nammo Schönebeck GmbH, er av større interesse: EU-domstolen T-530/14, der det på grunn av manglande særpreg blei nekta registrering av eit figurmerke som viste eit svart syrgjebånd. Vedtaket blei omtalt på denne måten av Patentstyret:

Retten uttalte at det svarte båndet vil oppfattes å ha en forbindelse med døden og sorg. For de aktuelle tjenestene, som i stor grad hadde en tilknytning til døden, ville ikke båndet ha adskillende evne. Det ble ikke ansett å skille seg nevneverdig fra andre sørgebånd, som kan være smalere og bredere. Det var heller ingenting ved merkets plassering eller utforming som skilte det fra andre bånd.

Det aktuelle merket såg slik ut:



Lagmannsretten meiner at denne avgjerda til EU-domstolen ikkje kan tolkast slik at ufallet – nekting av registrering – nødvendigvis må bli det same for figurmerket til Nammo Schönebeck GmbH. Lagmannsretten meiner det sistenemnde figurmerket har eit større særpreg ved at det er gjort forenklingar samanlikna med utforminga av eit ordinært sikte/trådkors, og ved at det ikkje i same grad er omsyn som talar for at merket bør kunna nyttast av alle aktørar som leverer den vara som søknaden gjeld. Det siste har samanheng med at den relevante omsetnadskretsen for ammunisjon/patronar klart må seiast å vera meir spesialisert og sakkunnig enn det som er tilfellet for dei varene og tenestene som var tema i saka om syrgjebandet. Skilnaden i omsetnadskrets gjer det lettare for produsentar av ammunisjon/patronar å nytta andre merke som gjev dei same assosiasjonane (til presisjon – det å vera treffsikker) utan å krenkja varemerket. Denne effekten vil vera vanskelegare å oppnå dersom ein godkjenner registrering av eit slik sørgjeband som det var tale om.

Staten v/Klagenemnda har også vist til avgjerd frå EUIPO i sak R 892/2014-1, der eit merke blei nekta registrert på grunn av manglande særpreg. Saka gjaldt dette merket:

Søknaden gjaldt – på same måte som i vår sak – spørsmål om vern for varene ammunisjon og patronar. I tilknytning til bokstaven C inneheldt merket ein figur som spelte på assosiasjonar til eit sikte/trådkors. Sjølv om dette har ein parallell til figurmerket til Nammo Schönebeck GmbH, meiner lagmannsretten at vurderingane i vedtaket til EUIPO ikkje har avgjerande overføringsverdi. Slikt lagmannsretten oppfattar vedtaket, blei det lagt stor vekt på at ordet "Perfecta", som betyr "perfekt" eller "feilfri", i seg sjølv mangla særpreg og at ordet kunne bli brukt som rosande omtale av nær sagt ei kvar form for vare eller teneste. Lagmannsretten tolkar vedtaket slik at EUIPO meinte at dei grafiske verkemidla som var brukt i tillegg – ein større skriftstype i bokstaven F og ein illustrasjon med assosiasjon til eit sikte i bokstaven C – ikkje var tilstrekkelege grep til at merket like fullt oppnådde særpreg. EUIPO meinte at den relevante omsetnadskretsen primært ville oppfatta merket som reklame – rosande omtale av produktet – og ikkje som eit kjenneteikn



for det kommersielle opphavet. Lagmannsretten oppfattar at det berande argumentet i avgjerda er at uttrykket "Perfecta" ikkje er eigna som kjenneteikn.

Etter ei totalvurdering har lagmannsretten under noko tvil kome til at figurmerket til Nammo Schönebeck GmbH oppfyller kravet til særpreg, slik gjeldande rett er i dag. Det står heilt sentralt at det er tale om ein særskilt kunnig omsetnadskrets som mest truleg vil få med seg dei detaljane som gjev merket særpreg og som gjer at det vil bli oppfatta som kjenneteikn på kommersielt opphav. At omsetnadskretsen er kunnig og spesialisert, gjer også behovet for "friholdelse" mindre. Andre aktørar vil kunna nytta andre variantar av merke som spelar på assosiasjonar til sikte/trådkors. Som påpeikt i tingrettens dom, vil merket til Nammo Schönebeck GmbH av slike årsaker ikkje ha eit "like stort beskyttelsesrom" som ein del andre varemerke. Dette er noko anna enn at figurmerket manglar særpreg, jf. lagmannsrettens drøfting ovanfor. Ved totalvurderinga har lagmannsretten også lagt noko vekt på at figurmerket er godkjent i EU og i ei lang rekkje andre statar som samanliknbare med Noreg.

Slik lagmannsretten vurderer vilkåra i varemerkelova § 14 første og andre ledd, er det ikkje naudsynt for lagmannsretten å ta stilling til om figurmerket har oppnådd "tilslite" særpreg etter varemerkelova § 14 tredje ledd.

Anken blir etter dette forkasta.

#### Sakskostnader:

Nammo Schönebeck GmbH har vunne ankesaka og har etter tvistelova § 20-1 første og andre ledd krav på å få erstatta sakskostnadene for lagmannsretten. Lagmannsretten har vurdert om det er grunnlag for å fritta staten v/Klagenemnda frå erstatningsansvaret, men meiner at det ikkje ligg føre tungtvegande grunnar som gjer dette rimeleg, jf. tvistelova § 20-2 tredje ledd.

I kostnadsoppgåva for lagmannsretten har Nammo Schönebeck GmbH kravd erstatta kr 169 250 i salær og kr 32 000 i utgifter til tolk, til saman kr 201 250. Lagmannsretten meiner at det er tale om naudsynte og rimelege kostnader, og tilkjenner erstatning i samsvar med kravet, jf. tvistelova § 20-5 første ledd.

I tillegg til dei beløpa som går fram av førre avsnitt, har Nammo Schönebeck GmbH kravd erstatta til saman kr 50 312 som gjeld betaling av meirverdiavgift. Lagmannsretten meiner at denne kostnaden ikkje utgjer noko reelt tap fordi selskapet mest truleg har rett til refusjon av inngåande meirverdiavgift etter meirverdiavgiftslova § 10-1. Selskapet har andsynes lagmannsretten gjort gjeldande at selskapet vil bli nekta slik refusjon, og har i denne samanhengen lagt fram kopi av eit vedtak treft av Skatt Øst 23. april 2018 i ei sak som gjeld eit anna utanlandsk selskap. Det går fram av vedtaket at søknad om refusjon blei

avslått fordi Skatt Øst meinte at det selskapet som søkte om refusjon, sjølv hadde hatt avgiftspliktig omsetnad i Noreg. Lagmannsretten legg til grunn at Nammo Schönebeck GmbH på si side ikkje har hatt avgiftspliktig omsetnad i Noreg, slik at dette selskapet vil bli gjeve refusjon. Nammo Scönebeck GmbH har ikkje vist til andre omstende som tilseier at det er rettsleg grunnlag for å nekta selskapet full refusjon av meirverdiavgift. Det er selskapet som må gjera det truleg at betaling av meirverdiavgift faktisk er eit økonomisk tap som motparten skal erstatta. I mangel av sannsynleggjering av tap må lagmannsretten sjå bort frå kostnaden til meirverdiavgift.

På bakgrunn av det resultatet som lagmannsretten har kome til, er det i utgangspunktet ikkje grunn til å endra tingretten si avgjerd av sakskostnadene, jf. tvistelova § 20-9 første og andre ledd. Det er på det reine at tingretten tilkjente erstatning for eit beløp på kr 41 325 som gjaldt kostnad til meirverdiavgift på salær til prosessfullmektig. Som det går fram ovanfor, meiner lagmannsretten at det ikkje er gjort truleg at dette er ein reell kostnad som kan bli kravd erstatta. Når det blir tatt omsyn til dette, utgjer rett beløp for tingretten kr 190 425. Lagmannsretten meiner det mest korrekte på denne bakgrunnen er å ta med eit eige punkt i domsslutninga for lagmannsretten om sakskostnadene for tingretten.

Dommen er samrøystes.

## DOMSSLUTNING

1. Anken blir forkasta.
2. I sakskostnader for Oslo tingrett betaler staten v/Klagenemnda for industrielle rettar 190 425 – eitthundreognittitusenfirehundreogtjuefem – kroner til Nammo Schönebeck GmbH innan to veker rekna frå tidspunktet for forkynning av tingrettens dom.
3. I sakskostnader for Borgarting lagmannsrett betaler staten v/Klagenemnda for industrielle rettar 201 250 – tohundreogeintusentohundreogfemti – kroner til Nammo Schönebeck GmbH innan to veker rekna frå tidspunktet for forkynning av lagmannsrettens dom.

Halvard Leirvik

Jens-Sveinung Wegner

Einar Kaspersen

Dokument i samsvar med undertegnet original  
Signert elektronisk – Terje Jørgensen